

Tre av ti mjølkebruk er lagt ned sidan -regjeringsskiftet

4 • NYHETER

NATIONEN • FREDAG 7. MAI 2021

• Jordbruksoppgjøret



Nedlegging: Eitt mjølkebruk har lagt ned drifta kvar einast dag i gjennomsnitt sidan regjeringsskiftet i 2013 viser nye tal. Siste åra har nedleggingsstakten auka. Analytikar fryktar

Tre av ti mjølkebruk er lagt ned sidan regjeringsskiftet

Mjolk og svin er husdyrproduksjonane med høgast nedleggingsstakt etter 2013. Analytikar seier nedgangen kan skyte fart.

Ved regjeringsskiftet i 2013 var det nær 10.000 mjølkebønder her i landet.

Sidan den tid har tre av ti mjølkebønder lagt ned drifta. I dag er det 6925 mjølkebruk igjen.

Det viser nye tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB).

Eitt mjølkebruk kvar dag
Mjolk og svin er dei to husdyrproduksjonane med størst nedleg-

gingstakt etter at Solberg-regjeringa tok over i 2013 viser statistikken.

I gjennomsnitt har det blitt lagt ned 362 mjølkebruk kvart år sidan regjeringsskiftet eller eitt mjølkebruk kvar einaste dag.

Det gir ein nedleggingsstakt på nær 4 prosent i snitt årleg.

Siste åra har nedleggingsstakten snarare vist teikn til å auke enn å gå ned. Både i 2018 og i 2019 var nedleggingsstakten på over 4,1 prosent og i 2020 på heile 5,1 prosent. Tala for 2021, som er førebelse, viser at

nye 4 prosent av mjølkebruka har sett kroken på døra siste året.

Målt i prosent har nedleggingsstakta derimot vore endå høgare på svin.

Kvart tredje svinebruk, 848 stykk til saman, har lagt ned sidan 2013.

På honer har kvart fjerde bruk stengt dørene i perioden.

1000 færre sauebruk

På storfe er bilete meir samansett. Det har blitt vel 1000 fleire

bruk med ammekyr, noko som vegg litt opp for den store nedgangen i talet på mjølkebruk. Samla for kategorien storfe er det likevel ein nedgang på vel 2400 bruk eller 15,7 prosent.

Geitebruka blir det også stadig færre av. Over 14 prosent har gitt seg sidan 2013 og det er i år 275 bruk med mjølkegeiter igjen.

Talet på bruk med vinterføra sauer har svinga meir. Frå 2013 til 2017 auka talet med vel 400 bruk, men frå 2017 og utover har det vore ein nedgang på nær 1000 bruk på fire år.

Samla for perioden har det vore ein nedgang på 575 sauebruk eller vel 4 prosent.

Det manglar tal for bruk med slaktekylling for dei fire siste åra. SSB skriv at dei ikkje oppgir tal på slaktekylling for dei to siste åra «av konfidensialitetshensyn».

Det er ikkje marknadsregulering på kylling, som også i langt større grad er underlagt vanlege konkurransereglar og styrt av nokre få store aktørar enn dei andre husdyrproduksjonane.

– Kan forsterke seg

Tala som kjem rett for jord-



Ytterlegare fart i nedlegginga utan nye tiltak. Foto: Bjarne Bekkeheien Aase

bruksoppgjøret understrekar alvorlet i situasjonen, ifølgje landbruksanalytikar.

– Desse tala understrekar alvorlet for jordbruksopp-gjøret. Situasjonen er ikkje berre bekymringsfull, men det er i ferd med å bli veldig alvorleg, seier Christian Anton Smedshaug, dagleg leiar i Agri-Analyse, som er eit analysebyrå eigd av landbruksaktørar.

Smedshaug seier det er urovekkande at nær ein tredel av mjølkebruka er lagt ned på under ti år.

– I tillegg veit vi at rundt halvparten av mjølkebruka som er igjen ikkje har tilpassa seg lausdriftskravet og samtidig kjem det nye krav til kalvingsbingar og meir beiting i 2024, seier Smedshaug.

– Blir meir sårbart

«Desse tala understrekar alvorlet før jordbruksopp-gjøret»

Christian Anton Smedshaug, dagleg leiar i AgriAnalyse

Han viser til at det samtidig er eit sterkt ønske om å investere i nye lausdriftsfjos, men Innovasjon Norge gjekk tom for pengar i dei fleste fylka alt før påske.

– Her må det kome eit løft raskt, elles vil dette berre forsterke seg i åra som kjem, seier Smedshaug.

Han seier problemstillinga gjeld for dei fleste husdyrproduksjonar. Stadig strengare krav til oppstalling og innskjerpa forskrifter for hald av dyr blir ikkje følgd opp med tilstrekkeleg økonomi eller nok investeringsstøtte.

– Store endringar i dyreholdsforskrifter må følgast opp med tilstrekkelege investeringspakkar som gjer det mogleg for bondene å bli med vidare, seier Smedshaug.

– Blir meir sårbart

Stor nedgang i talet på bruk gir ifølgje Smedshaug ei rekke negative ringverknader som eit svekka produsentmiljø rundt om i landet. Det kan få følgjer også for slakteristrukturen der ein er avhengig av jamne

Husdyrbruk og nedlegging

Talet på jordbruksbedrifter med husdyr i 2021, talet på nedlagde bruk eller tilvekst sidan regjeringsskiftet i 2013 og prosentvis endring.

Jordbruksbedrifter med husdyr	2021	Endring frå 2013 til 2021	%-endring
Husdyr, i alt	26 087	-3 657	-12,3 %
Storfe	12 824	-2 413	-15,7 %
Mjølkekyr	6 925	-2 895	-29,5 %
Ammekyr	5 941	1 002	20,3 %
Vinterfora sauer	13 533	-575	-4,1 %
Svin	1 700	-848	-33,3 %
Høner	1 469	-491	-25,1 %
Mjølkegeiter	275	-46	-14,3 %

Omfattar føretak som har søkt om produksjonstilskot. Tala for 2021 er førebelse. Slaktekylling er ikkje med sidan det manglar tal for siste fire år.
Tabell: Bjarne Bekkeheien Aase, Nationen • Kilde: Statistisk sentralbyrå (SSB)



Sluttar: Sidan 2013 har kvart tredje svinebruk stengt dørene for godt. Det kjem etter langvarig prispress og store lagre med svinekjøtt. Samtidig har svinenæringa tatt opp kampen mot resistente bakteriar, noko som truleg har gjort Norge til det einaste landet i verda som har kvitta seg med antibiotika-resistente MRSA-bakteriar.

Foto: Bjarne Bekkeheien Aase



Svingingar: Etter ein auke i talet på føretak med sauer fram til 2017 har det blitt nær 1000 færre sauebruk etter 2017. Her frå Øya Ombo i Ryfylke.

Foto: Bjarne Bekkeheien Aase



Produsentmiljø: Stadig færre bruk rammar produsentmiljøet, ifølgje analytikar. Det er nå berre 275 bruk med geiter igjen her i landet. Her frå Haukelisetar på rundt 1000 meter over havet i Vinje i Telemark.

Foto: Bjarne Bekkeheie Aase

tilforslar for å halde drifta i gang.

Nedgang i talet på drovtyggarar kan føre til at areal går ut av drift, ifølgje Smedshaug. Samtidig kan det bli meir konsentrert produksjon, som igjen kan gi utfordringar med nok spreieareal

for husdyrgjødsel andre stader i landet.

– Jordbruket blir meir sårbart og vi får eit meir konsentrert jordbruk. Det er utviklingsstrekk som ser ut til å bli stadig forsterka, seier Smedshaug, som tar til orde for både betre lønsmend

Fakta

Jordbruksoppgjøret

• Partane legg opp til eit ordinært jordbruksopp-gjøret i år. Kravet kjem den 27. april, tilbodet den 4. mai og forhandlingane skal avsluttast 15. mai.

• Grunnlagstala viser 50.300 kr i auka vederlaget for arbeid og eigenkapital per årsverk på 5 år frå 2015 til 2020. Heile 49.000 kr av auken var i 2020. I 2021 er det budsjettert ein inntektsauke på 19.500 kr. Tala for 2020 og 2021 er langt meir usikre enn tidlegare år.

• Med jordbruksfrådraget blir veksten 5100 kr større frå 2015 til 2020 og 800 kr større i 2021.

• Andre grupper i samfunnet har hatt 88.000 kr i lønsvest frå 2015 til 2021, over 12.000 kr meir enn i jordbruket inkl. jordbruksfrådraget.

• Stortinget har vedteke at «inntektsmålet skal vere å redusere inntektsgapet mellom jordbruket og andre grupper i samfunnet. God markedsstilpasning og produktivitetutvikling vil vere en forutsetning for inntektsdannelsen».



Sårbart: Dagleg leiar i Agri-Analyse, Christian Anton Smedshaug, seier jordbruket blir stadig meir sårbart når det blir færre bruk og lengre mellom kvart bruk.

Foto: Bjarne Bekkeheien Aase

og meir investeringsstøtte for å motverke tendensane.

– Det må eit krafttak til både på lønsmend og på kapital, seier Smedshaug.

Bjarne Bekkeheien Aase

bjarne.aase@nationen.no